



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/1186 - 16/9428

Saksbehandlar:  
Sveinung Kvamme  
sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:  
08.08.2016

## Ordinært skjønstilskot 2017

Vi viser til brev frå Fylkesmannen, dagsett 20.06.2016.

Vi er kjende med at det ordinære skjønstilskotet først og fremst er retta mot særlege tilhøve som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet.

### Folketalsutvikling, skatteinngang mv.

Folketalsutviklinga i Radøy syner svak positiv tendens frå 2006, men med etter måten store svingingar frå år til år, sjå diagram til høgre. Folketalet pr 1.1.2016 var såleis 5.077, som er auke på 1,26% samanlikna med 1.1.2015. Det er vekst i dei fleste aldersgrupper, med unnatak av gruppene 0-5 og +90, der vi ser svak tilbakegang.

Skatteinngangen har vore svingande dei siste åra. I 2015 enda vi på ca 84% av landsgjennomsnittet, ein reduksjon frå 87,3% i 2014. Utviklinga så langt i


2016 er negativ. Pr juli 2016 har vi ein nedgang i skatteinngangen samanlikna med 2015 på 1,2%. Så langt vi kjenner skatteinngangen på landsplan, har det vore god vekst i svært mange kommunar, men Radøy opplever altså nedgang samanlikna med 2015. Dei siste tala for landet, pr juni 2016, syner at skatteinngangen for Radøy berre er 76,6% av landsgjennomsnittet, noko som plasserer Radøy på siste plass i Hordaland.

Pr mai 2016 hadde Radøy 102 personar som var heilt arbeidsledige. Dette utgjer 3,8% av arbeidsstyrken, den åttande høgaste arbeidsløysa blant kommunane i Hordaland. På same tidspunkt i 2015 hadde vi 84 arbeidsledige.


### Utanlandske statsborgarar

Pr 1.1.2016 var ca 5,8% av innbyggjarane i Radøy frå Polen og Litauen. Diagrammet til høgre syner utviklinga dei siste åra.

### Endring i folkevekst



### Innvandrarak



Veksten i desse innvandrargruppene har vorte mindre etter kvart, men er framleis sterkare enn for kommunen totalt. Mange av innflyttarane har med seg born i alderen 0-15 år. Dette fører til auka press innfor barnehage, skule, helsestasjon og barnevern.

Vi ser også at stadig fleire utanlandske statsborgarar nyttar seg av retten til grunnskuleopplæring. Radøy kommune må kjøpa slike tenester frå Lindås kommune, m.a. fordi det er krevjande å få til ei tilfredsstillande organisering av opplæringa for Radøy åleine. I 2015 betalte vi ca 1,66 mill. til Lindås for slik opplæring.

### Ressurskrevjande brukarar

For 2017 er det registrert 31 PU-brukarar som gir rett på tilskot gjennom kostnadsutjamninga. I 2012 hadde vi 27 slike brukarar, altså har vi hatt ein auke på fire brukarar på fire år. Dette gir oss auke i utgiftsutjamninga, men kommunen sine driftskostnader aukar vesentleg meir enn auken i rammetilskotet.

I 2016 har vi fått ekstra skjønstilskot for å gå nærare gjennom organiseringa av teneste til PU-brukarar. Det vert starta opp eit prosjekt hausten 2016 der desse midlane skal nyttast.

### Sjukefråvære

Radøy kommune har hatt høgt sjukefråvære, både i offentleg og privat sektor.

Det vert for tida ikkje produsert statistikk for prosentvis sjuke-fråvæer i Noreg. Årsaka til dette er at SSB har problem med å henta ut statistikk for avtalte årsverk.


For Radøy kommune som arbeidsgjevar vart sjukefråvære i heile 2015 litt høgare enn

gjennomsnittet for perioden 2007-

2014. Første kvartal 2015 vart «all

time high» med 11,9% sjukefråvæer, men dei følgjande kvartala vart noko betre. 2016 syner positiv utvikling frå første til andre kvartal, der tala for andre kvartal er dei lågaste på mange år. Rådmannen har sett i verk fleire tiltak for å freista redusera sjukefråværet, ma. ei eiga arbeidsgruppe som har vore i aktivitet i frå hausten 2015.

### Sjukefråvære



### Stønad til livsopphald

Utbetalt stønad til livsopphald har i første halvår 2016 auka med nær 80% samanlikna med 2013, sjå tabell til høgre.

Det er ei rekkje årsaker til dette. Generelt kjem

det fleire søknader om stønad til livsopphald. Vi registrerer fleire storfamiliar utan lønsinntekt, fleire med rusproblematikk, fleire søknader der brukarane har born, fleire som må ha mellombels bustad og fleire tannlegesaker. I tillegg kjem verknaden av nedgangen i oljeindustrien. Utbetalingane pr juni 2016 er om lag 1,2 mill høgare enn budsjettert. Om utviklinga held fram, vil dette føra til ei overskriding på 2,4 mill i 2016. Det er vanskeleg å planleggja kor mykje stønad til livsopphald som vert betalt ut, og ein så stor auke som det er tale om her, er dramatisk for Radøy kommune. Nokre av kriterietala i utgiftsutjamninga skal i teorien kompensera for slikt, men i praksis er det svært liten korrelasjon her.

### Utbetalt stønad til livsopphald pr juni månac

2013	2014	2015	2016
2 273 343	3 118 247	2 925 235	4 076 675

### Driftssituasjonen

Radøy kommune har etter måten høgt utgiftsnivå, men samstundes låg skatteinngang. Dette gjer det til ei krevjande oppgåve å balansera økonomien. Mykje av årsaka til at Radøy kommune har greidd å

halda positiv balanse over tid, er nøktern drift i alle ledd, kombinert med godt samarbeid mellom politisk og administrativt nivå på dei aller fleste område.


Utgangspunktet for 2015 var ikkje det beste, med oppsamla underskot frå 2014. Det vart sett i verk tiltak for å spara inn i heile organisasjonen, noko som gjorde at ein greidde å drifta innafør rammene i 2015. Ekstra inntekter gjekk såleis ikkje med i drifta, og rekneskaperen for 2015 vart oppgjort med mindreforbruk på 3,2 mill, etter at underskot frå 2014 var dekkja inn. Kommunestyret har vedteke å nytta 1,2 mill av mindreforbruket til å styrkja det frie disposisjonsfondet. 2 mill er sett av til fond for nærings- og infrastruktur og 0,25 mill til fond for ungdomar med særskilde behov. Pr 1.1.2016 var det bokført eit disposisjonsfond på 1,096 mill, og kommunestyret har «disponert» dette til næringsfond og tiltak knytt tidlegare mottekne prisar, Ungdomskommune og Nynorskkommune i 2014. Det «frie» disposisjonsfondet er såleis berre 1,2 mill pr i dag.

### Nokre tenesteområde

Diagrammet syner at brutto driftsutgifter til **skule** pr elev har gått litt ned frå 2014 til 2015. Nedgangen er ikkje stor, men tala syner at skulane har greidd å følgja innsparingsplanen i 2015. Samanlikna med andre kommunar, ligg kostnadene om lag på same nivå.


Radøy har fire barneskular og ein ungdomsskule. Rådmannen har sett nærare på skulestrukturen, men kan ikkje finna nemnande innsparingar ved å redusera frå fire til tre skulekrinsar. Først ved reduksjon til to krinsar kan ein oppnå innsparing i drifta, men dette vil krevja omfattande investeringar, slik at totalbiletet med to krinsar truleg vert ei forverring av kommunen sin økonomiske situasjon, i alle høve på kort og mellomlang sikt.

Brutto driftsutgifter til skule pr elev



Generelt er presset på **pleie- og omsorgstenestene** høgt, men kostnadene pr innbyggjar vart noko lågare i 2015 enn tidlegare år. Dette skuldast først og fremst auke i tal innbyggjarar i aldersgruppa 67-79.

Netto driftsutg. pleie- og omsorgstenester pr innb. over 67 år



Kostnadene pr plass i **institusjon** har gått litt ned samanlikna med 2014, og her ligg vi lågare enn alle samanlikningskommunane.


Kostnadene pr brukar av **heimetenester** har derimot auka noko, og ligg over kommunegruppe 10, men lågare enn både Sveio og Osterøy. Dette syner at Radøy driv rimeleg, gitt dei føresetnadene kommunen har. Det er såleis vanskeleg å sjå korleis ein skal kunna drifta vesentleg rimelegare enn ein gjer no, og samstundes halda oppe forsvarleg drift.

## Finansiell stode


Netto driftsresultat i 2015 vart heile 12,3 mill, eller 3,13% av av brutto driftsinntekter. Dette talet gir ikkje eit rett inntrykk av drifta i 2015.

Ser ein på «rein drift» vert resultatet om lag 0,74%. Den heiltrekte lina i diagrammet til høgre syner netto driftsresultat, korrigert for «uvanlege» postar, som i hovudsak er «overskot» på sjølvkostområde og eit tilskot frå NKOM til breibandsutbygging på 8 mill. Netto driftsresultat på «rein drift» burde vore

1,75%, og slik sett kan rådmannen ikkje seia seg nøgd med resultatet. Men i høve til det faktiske utgangspunktet for året 2015 er likevel eit resultat på 0,74% akseptabelt.




Etter fleire år med svekking av likviditeten, gav 2015 ei viss betring. Diagrammet til høgre syner at arbeidskapitalen har auka frå minus 0,4% i 2014 til 6,6% av brutto driftsinntekter i 2015. I seg sjølv er dette ikkje noko godt tal, og samanlikna med dei andre kommunane ligg vi svært svakt. Men det syner likevel ei positiv utvikling.



Det akkumulerte premieavviket gjekk noko ned i 2015, og er no om lag 24 mill. Dette avviket skal kostnadsførast i åra som kjem. Dersom kommuneøkonomien hadde vore tilnærma sunn, burde disposisjonsfondet i det minste vore stort nok til å dekkja dette. Realiteten er at fondet er 1,2 mill. Faren er såleis stor for at premieavviket etter kvart blir til eit udekt underskot.

Netto lånegjeld er no om lag 55% av samla inntekter. Ser ein på renteesponert gjeld i høve til brutto driftsinntekter, ligg denne på om lag 33%. Kommunen sitt gjeldsnivå er såleis etter måten lågt, men det er likevel politisk semje i Radøy om at ein må halda investeringane på eit rimeleg nivå i åra som kjem.



### **Kommunesamanslåing**

Kommunestyra i Lindås, Meland og Radøy har vedteke samanslåing av kommunane frå 1.1.2020. Ut frå signala i revidert nasjonalbudsjett, vil Radøy få behalda fullt basistilskot i åra 2017-2019. Andre tilskotsmidlar knytt til samanslåinga kan ikkje nyttast til ordinær drift i kommunen, og skal slik sett ikkje påverka driftssituasjonen.

### **Konklusjon**

Radøy kommune driv nøkternt på dei aller fleste område, og sjølv om driftsresultatet var positivt i 2015, opplever rådmannen at den økonomiske situasjonen no er minst like krevjande som den har vore tidlegare år. Kombinasjonen av redusert skatteinngang, auka kostnader til ressurskrevjande brukarar, auka pensjonskostnader, redusert aksjeutbytte, auka utbetalingar av stønad til livsopphald og auka press på heimetenestene gjer drifta særskilt krevjande.

Mange år med svært nøktern drift har ført til oppsamla trong for endring og utvikling i organisasjonen. Dette er ein uheldig situasjon både i høve til innovasjonsdimensjonen og kommunen si rolle som samfunnsutviklar. Ei følgje av dette er at auka krav til lovpålagte tenester fører til ytterlegare reduserte driftsrammer.

Det må setjast av midlar til å gjennomføra tiltak for utvikling og omstilling i åra som kjem, men med dei noverande driftsrammene blir dette svært krevjande å få til.

Radøy kommune søker om tildeling av ordinære skjønsmidlar for 2017 minst på same nivå som for 2016.

Med helsing

Jon Askeland  
Ordfører

Sveinung Kvamme  
Økonomisjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN